



Nesheim Skogsmaskiner er i Uskedalen på sin "hogst-tur" rundt i Kvinnherad. Dette er tømmerlunnene på Nedre Feet akkurat no. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Nesheim Skogsmaskiner frå Utne har sidan påske hogge bortimot 5.000 kubikkmeter tømmer i Kvinnherad, opplyser Vidar Jørdre i Vestskog til uskedalen.no. Til samanlikning kan nemnast at det i heile 2007 vart omsett 3.400 kubikkmeter gjennom Vestskog frå Søre Kvinnherad skogeigarlag sitt område.

Det har sidan påske vore drifter i gang både på Husnes, i Dimmelsvik og på Halsnøy og akkurat no vert det avvirka 1.000 kubikkmeter ved inngangen til Eikedalen i Uskedalen.

- Nesheim har i visse periodar hatt to skogsmaskiner i gang i denne kommunen, opplyser Jørdre, som strekar under at det er viktig å leggja opp ei konsentrert og rasjonell "reiserute" slik at ein får gjort unna mest mogeleg på stuttast mogeleg tid. Og det har vore tilfelle i Kvinnherad i det siste.

Konsentrasjonen er altså ein av forklåringane på den relativt omfattande hogsten. Ei anna forklåring er at det har vore eindel vindfelling. Men sist og slett ikkje minst kan hogsten forklarast med dei gode tømmerprisane, som visse ekspertar meiner ikkje vil bli så gode frå hausten.

Av Ola Matti Mathisen